



Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
20/114610-2

Dykkar referanse:
20/5600 – 20/37261

Vår dato:
11.09.2020

Uttale til områdeplan Knarvik – Endring – Høyring og offentlig ettersyn – planID 1263-201002

Vi viser til brev frå Alver kommune dagsett 19.06.2020. Saka gjeld høyring og offentlig ettersyn av framlegg til områdeplan for Knarvik, PlanID 1263 201002.

Kommunen skriv at *«hovudmålet med områdeplanen er å utvikle Knarvik til ein attraktiv og grøn småby med bymessige strukturar og kvalitetar. Knarvik skal utviklast slik at dei gåande har ei klar prioritering og det skal bli tilrettelagt for handel, service, effektive parkeringsløysingar og gode byrom for aktivitet og sosialt samvære. Områdeplanen har eit langsiktig perspektiv og skal vere ein transformasjonsplan som skal bidra til å endre eller omforme den tettstaden vi kjenner i dag til eit meir attraktivt og tilgjengeleg region- og kommunesenter»*

Kommunen opplyser vidare at erfaringar knytt til gjennomføring tilseier behov for å endre planen. Dette er den fyrste av minst to endringar. Denne fyrste tar føre seg føresegna og målsettinga er at ein på ein betre måte tydeleggjer, forenkler og avklarar rammene for å gjennomføre byggetiltak i Knarvik.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riksveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som forvaltar av riksveg og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Uttale

Områdeplan for Knarvik sentrum er vedteken i 2015. Statens vegvesen sine interesser som forvaltar av riksveg er fyrst og fremst knytt til E39. Ny oval rundkøyning her inngår i planområdet. Prosjektet rundkøyning er forsinka, men Statens vegvesen reknar med å få lagt ut anbudet i løpet av denne hausten. Ein tar sikte på oppstart seint i 2020 og ei byggetid på 2 år.

Slik vi forstår det er bakgrunnen for reguleringsendringa som no er varsla eit ynskje om å forenkle grunnlaget for forhandlingar om utbyggingsavtale og å gjere endringar i føresegnene som gjer det enklare å nytte planen som styringsreiskap. Eit av måla jfr. saksdokument som følgjer saka er å gjere det tydelegare kva tiltak som er omfatta av krav om rekkefølge og ikkje.

Statens vegvesen er på eit generelt grunnlag positiv til arbeid med ei reguleringsendring som har som mål å tydeleggjere rekkefølgjekrav og å gjere planen til eit betre verktøy for byggjesakshandsaminga . Det er Alver kommune som best kan vurdere kva krav det er viktig å halde fast på og kva som kan gjerast enklare.

Som fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport ber Statens vegvesen om at ein i prosessen har eit fokus på kva konsekvensar endringar i rekkefølgjekrav/forenklingar i føresegnene kan ha for omsynet til trafikktryggleik. Knarvik er i dag eit område som til dels er prega av dårlege løysingar for mjuke trafikantar. Det er derfor spesielt viktig at endringar i planen ikkje opnar for å setje i gang prosjekt utan at denne trafikantgruppa vert tilstrekkeleg ivaretatt.

Transport vest, Transportforvaltning 3
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonsleiar

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.